



Strategi

2023–2027



Innleiring

Arbeidet vårt skal gjere ein skilnad, både for brukarane og samfunnet. Statpeds strategi 2023–2027 skal setje kursen for korleis vi skal realisere oppgåvene våre. Han gjer greie for viktige utviklingsdrag og utfordringar som vi ser i opplæringssektoren, og seks innsatsområde som Statped skal ha fokus på for å møte desse.

Som del av opplæringssektoren skal Statped bidra til at barn, unge og vaksne med særskilde opplæringsbehov best mogleg kan meistre livet sitt og vere aktive deltagarar i utdanning, arbeid og samfunnsliv. Vi arbeider for at barn og elevar skal oppleve eit heilsakleg pedagogisk tilbod der dei spesialpedagogiske tiltaka, læremiddelutviklinga og teiknspråk-opplæringa heng godt saman med det allmennpedagogiske tilboden.

Tenestene skal bidra til at dei som er tett på barn, unge og vaksne med varige, omfattande og særleg komplekse behov for tilrettelegging, kan gi eit godt tilpassa tilbod i ein inkluderande fellesskap. Statped skal også ta seg av og utvikle rolla si som fagdirektorat for Kunnskapsdepartementet.

For å oppnå dette skal vi arbeide effektivt og kunnskapsbasert, med god kvalitet og i tråd med berekraftig utvikling, slik at vi nyttar dei faglege ressursane våre på best mogleg måte.

Statped skal byggje og halde ved like spisskompetanse på fagområde der utfordringane er så sjeldne og komplekse at kommunane ikkje kan forventast å ha naudsynt kompetanse.



Rammer og ansvar

Statpeds samfunnsmandat er å bidra til at barn, unge og vaksne med særskilde opplæringsbehov får høve til å vere aktive deltagarar i utdanning, arbeid og samfunnsliv.

Statpeds hovudoppgåve er å levere gode tenester innan spesialpedagogikk, teiknspråkopplæring og læremiddelutvikling. Vi er underlagde Kunnskapsdepartementet, som gir føringar for arbeidet vårt gjennom årlege tildelingsbrev og andre styringsdokument.

Vi er ei landsdekkjande, fleirfagleg verksemd som skal gi tenester og kompetanse med lik kvalitet og lik tilgang for alle kommunar og fylkeskommunar. På den måten skal vi bidra til at sektormåla for barnehagen og grunnopplæringa blir nådd.

Vi skal halde ved like og utvikle spisskompetanse om særskilde opplæringsbehov på fagområda våre, slik at tenestene er av høg fagleg kvalitet og tilfører kommunar og fylkeskommunar oppdatert kunnskap og kompetanse.

Statped skal utvikle, leggje til rette og produsere læremiddel for teiknspråkbrukarar og blinde / sterkt svaksynte barn og elevar. Vi skal gi landsdekkjande tenester til samiske brukarar på fagområda våre gjennom Samisk spesialpedagogisk teneste (SEAD). Statped har den statlege skuleeigarskapen for Diamanten skule for elevar med døvblindskap. På fagområdet døvblindskap tar Statped seg også av eit oppdrag frå Helse Nord, og vi er ein del av Nasjonal kompetanseneste for døvblinde (NKDB).

Vi skal gi faglege råd til Kunnskapsdepartementet i saker som gjeld barn, unge og vaksne med særskilde opplæringsbehov og fagområda våre, og systematisere kunnskapen vår slik at han kan bli relevant for politikkutviklinga til departementet.

Statped skal gi tenester på små og særleg spesialiserte fagområde innanfor

- syn
- hørsel
- erverva hjerneskade
- kombinerte sansetap og døvblindskap
- norsk teiknspråk
- alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)
- samansette lærevanskar
- språk-/talevanskar

Statpeds hovudmål

1

Kompetanseutvikling

Kommunar og fylkeskommunar får tenester og støtte til kompetanseutvikling som fremjar læring, utvikling og deltaking i ein inkluderande fellesskap, til barn og elevar med varige og komplekse spesialpedagogiske behov.

2

Teiknspråkopplæring

Barn og elevar med rett til opplæring i og på teiknspråk er inkluderte både i eit norsk/samisk og ein norsk teiknspråkleg fellesskap.

3

Lærermiddel

Kommunar og fylkeskommunar har tilrettelagde lærermiddel og pedagogisk materiell som fremjar læring, utvikling og deltaking for teiknspråklege, blinde og sterkt svaksynte barn og elevar i ein inkluderande fellesskap.

Innsatsområde

Innsatsområda set kurset for korleis Statped skal prioritere for å møte utfordringane og realisere hovudmåla våre. Innsatsområda har utspringet sitt i utviklingstrekka og utfordringsbileta som blir presenterte på neste side.

Statped skal styrkje

1

det kunnskapsbaserte og praksisnære kompetansetilbodet som treffer behova i kommunar og fylkeskommunar

2

kompetansen om språk og kommunikasjon som grunnlag for deltaking, læring og utvikling hos målgruppene våre

3

det spesialpedagogiske arbeidet med samiske barn og elevar

4

kompetansen til barnehagelærarar og lærarar i å nytte læremiddel for blinde, svaksynte og teiknspråklege

5

samarbeidet med universitets- og høgskulesektoren om å identifisere og følgje opp behov for innovasjon, forsking og utdanning

6

rolla som tenesteytande fagdirektorat, og vere ein synleg, tilgjengeleg og relevant aktør i opplæringssektoren

Utfordningsbilete

Statpeds strategi skal setje ein kurs som byggjer opp under hovudmåla våre. Kunnskap om utviklingstrekk og utfordningsbilete i opplæringssektoren viser at områda kompetanse, kvalitet, samhandling og digitalisering er særleg viktige.

Kompetanse og kvalitet

Utfordningsbilete

- Det er mangel på spesialpedagogisk kompetanse på alle nivå i opplæringssektoren.
- Forsking dokumenterer at kvaliteten varierer i allmennpedagogiske tilbod, spesialpedagogiske tilbod og tilbod om teiknspråkopplæring.

Statped vil

- arbeide med systematisk kompetanse- og kvalitetsutvikling i barnehagar og skular
- byggje kompetanse hos personalet
- bidra til tidleg innsats
- hjelpe til med å utvikle tilpassa pedagogiske tilbod og inkluderande læringsmiljø

Samhandling

Utfordningsbilete

- Det er ei stor utfordring at tenesteapparatet verkar fragmentert og lite koordinert.
- Systematisk arbeid for å auke kvaliteten og likeverdet i opplæringa krev koordinert og samordna innsats på fleire område.

Statped vil

- vere ein tydeleg, tilgjengeleg og attraktiv samarbeidspartner
- bidra med relevant kompetanse i samarbeidet med aktørar på ulike forvaltningsnivå både i og utanfor opplæringssektoren

Digitalisering

Utfordningsbilete

- Digitalisering spelar ei stadig viktigare rolle for å møte noverande og framtidige moglegheiter innan spesialpedagogikk.
- Det er ei utfordring å følgje med på utviklinga, ha nødvendig kompetanse og nytte seg av han.

Statped vil

- vere pådrivar for at nye digitale moglegheiter bidreg til auka inkludering i barnehagar og skular
- jobbe med utvikling og rett bruk av digitale læremiddel og læringsressursar
- arbeid for auka digital tilgjengelegheit, betre samhandling og meir brukarvennlege tenester

Interne innsatsområde

For å gi velfungerande og samanhengande tenester med lik kvalitet til heile landet er det viktig at vi har ein effektiv infrastruktur og gode støttefunksjonar.

Vi skal derfor

1

styrke digital satsing og kompetanse og nytte desse forsvarleg for å fremje læring og deltaking i ein inkluderande fellesskap

2

jobbe smart og nytte ressursane effektivt til beste for brukarane

3

levere tenester som er kunnskapsbaserte og har god kvalitet

4

vere ein attraktiv arbeidsgivar som rekrutterer, utviklar og held på spisskompetente medarbeidrarar





Statpeds tenester skal bidra til tidleg innsats

Dei som er tett på barn og elevar med varige, omfattande og komplekse behov for tilrettelegging, skal vere i stand til å gi eit godt tilpassa tilbod i ein inkluderande fellesskap. Det skal vere eit heilskapleg pedagogisk tilbod der dei spesialpedagogiske tiltaka og teiknspråkopplæringa heng godt saman med det allmennpedagogiske tilboden. Målet er at barn, unge og vaksne med særskilde opplæringsbehov skal oppleve trivsel og meistring i inkluderande læringsfellesskap, og at dei får eit tilfredsstillande og godt læringsutbytte.

Ein inkluderande fellesskap omfattar alle barn og elevar

Inkludering er eit omgrep som inngår i alle hovudmåla våre, og som gjeld alle nivå i opplæringssektoren. Arbeidet med inkludering i barnehage og skule krev inkluderingsaktørar på alle nivå i sektoren.

Inkludering i barnehage og skule handlar om at alle barn og elevar skal oppleve at dei har ein naturleg plass i fellesskapen. Dei skal kjenne seg trygge og kunne erfare at dei er viktige. Dei skal få medverke i å forme tilboden sitt for å oppnå meistring og få eit tilfredsstillande læringsutbytte.